

INFORMASJONSSKRIV OM VASSMÅLARAR I ETNE KOMMUNE.

Frå og med 2008 har Etne kommune innført eit nytt regelverk om kommunale vass- og kloakkavgifter. Resultatet av endringane er at avgiftssystemet er lagt om. Det er no innført ei lik fastavgift for alle, som kjem i tillegg til forbruksavgift. Det er lagt opp til at abonnentane kan betale etter faktisk forbruk ved å kjøpe seg vassmålar. Abonnentar utan vassmålar - vil som tidlegare - få stipulert forbruket utifrå storleiken på bustaden.

Abbonnten må sjølv ta utgifta med innkjøp og montering av vassmålarar, og monteringsarbeidet vil truleg variere ein del – alt etter kor enkelt eller komplisert arbeidet er. Det er ei stor føremon å montere ei sil på inntaket – før målararen – slik at evt. partiklar vert skilt ut og sikrar problemfri drift av målararen.

Vassmålarane som er på marknaden skal vera typegodkjend og montert av røyrleggar, som må rapportere til kommunen at vassmålar er installert, før dette kan nyttast som grunnlag for avgiftsbereking.

Abbonnten må sjølv lese av vassmålararen ein gong pr. år, og forbruket vil bli fakturert etterskotsvis.

Endringane i avgiftssystemet kan føre til reduserte inntekter til kommunen, og det kan derfor verte aktuelt med justering av avgiftene i løpet av ein 4-5 års periode.

Kommunen sitt gebyrregulativ er basert på sjølvkostprinsipp – som lovverket føreset.

Dersom De har spørsmål om vassmålarar kan De ta kontakt med tenestetorget på tlf. 53 75 80 00 så vil De få hjelp.